



Rektor Vidar Haugland ønsker svar på spørjeskjemaet innan fredag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Vidar Haugland har no laga eit nytt spørjeskjema til foreldra om eit eventuelt kantinetilbod ved skulen frå hausten. Det skal saman med det første spørjeskjemaet danna grunnlaget for ei endeleg avgjerd om det skal startast eit prøveprosjekt. Det blir eventuelt det første i kommunen. Prøveprosjektet skal vara i åtte veker frå 20. august.

Skjemaet har fire alternativ. Første alternativ er deltaking i tilbodet for 15 kroner dagen, som dekkjer tre brødmåltid og to måltid med varmrrett kvar veke. Andre alternativ er deltaking i tilbodet dersom det vert brødmåltid alle dagar (same dagspris). Tredje alternativ er deltaking dersom det vert brødmåltid tre dagar kvar veke (same dagspris). Fjerde alternativ er at eleven ikkje deltek i tilbodet..

Spørjeskjemaet er lagt ut på Sanden og svarfristen er fredag 22. juni kl. 14. Rektor vil ta ei endeleg avgjerd i saka fredag ettermiddag og det er særleg viktig at foreldre som har skifta standpunkt etter det forrige skjemaet svarar.

Haugland gjer det klart at det er ein føresetnad at eit eventuelt kantinetilbod skal gjelda for alle elevar. Ingen som vil delta skal haldast utanom. Skulen skal ikkje gje eit tilbod som ikkje alle elevane skal kunne få delta på.

Av Ola Matti Mathisen

Du kan få spørjeskjemaet her:

http://www.uskedalen.oppvekstsenter.no/filer/sporreskjema_kantine.pdf